

Emnerapport 2017 vår, skriven av Ivar Utne, emneansvarleg, 12.10.2017

Emnekode og navn: NOSP102 Nordisk: Moderne språk

Den emneansvarlege si vurdering av gjennomføring

Praktisk gjennomføring:

Rundt 1.2.17 var det oppmeldt ca. 135 studentar. Ca. 110 fekk godkjende svar på obligatorisk innlevering. 100 møtte til eksamen. 118 fekk spørjeskjemaet, som blei sendt ut etter eksamen, og 30 svarte.

Lærarar:

Gunnstein Akselberg med språkhistorie, språkbruksanalyse (retorikk), svensk og dansk, og kurs i nynorsk.

Ivar Utne med morfologi og syntaks. Emneansvarleg.

Oppgåveretting blei delt på faglærarane.

Det var undervisning to gonger i veka, kvar gong med to timar førelesingar og to timar med øvingar. Øvingstimane kom like etter førelesingane. Øvingstimane var delt i éin time gruppearbeid og éin oppsummeringstime samla. Det er samme opplegg som vi har brukt i fleire år for NOSP102 og NOSP103/103-L. Det var i tillegg nokre kollokvium som studentane organiserte sjølve.

Det var nynorskkurs med fem dobbelttimar.

Det var innlevering av to obligatoriske oppgåver, der utkalst til kvart svar blei kommentert av ein medstudent og ein lærar. Dernest leverte alle inn ein oppretta versjon for endeleg godkjenning.

Strykprosent og fråfall:

87 bestått, 10 stryk, 21 øvrige; av 118.

Karakterfordeling:

5 % A, 21 % B, 34 % C, 15 % D, 12 % E, 11 % F (stryk)

Studieinformasjon:

På Mitt UiB, stort sett med «Kunngjeringar» som òg gjekk ut med e-post til uib.no-adresser.

Tilgang til relevant litteratur:

Fordelt på Mitt UiB (fillageret), Litteraturkiosken og Akademika.

Den emneansvarlege si vurdering av rammevilkåra

Lokale og undervisningsutstyr:

Undervisningslokalet, aud. A, manglar tavle som kan brukast for normal undervisning med samtale. Opp og ned med motorisert lerret og prosjektør av og på tek for lang tid.

Liknande problem gjeld ganske mange underivingsrom, bl.a. aud. Q som vi òg har brukt. Ofte er det ein liten flik i ein ende av tavla som ein kan få nortert stikkord. I rom utan motorisert lerret, tek det tid å få prosjektør av og på.

Vi er fleire lærarar som ønskjer at UiB tenkjer pedagogisk om tavle. Dette har eg teke opp i ulike samanhengar gjennom mange år.

Mitt UiB sin funksjon for oppgåveinnlevering og kommentering er dårleg eigna pedagogisk. Grunnen er at ein ikkje på ein enkel måte kan kommentere i oppgavesvara. Derfor fekk vi dette semesteret bruke gamle Kark, som eigenleg var teke ut av bruk.

Andre tilhøve:

Vi har undersøkt kva studieprogram dei gjekk på både gjennom FS (125 undervisningsmelde) i evalueringsskjemaet (30 svar) viste:

- 10 % gjekk på BA i nordisk (10 % i skjemaet)
- 39 % på lektorprogrammet i nordisk (37 % i skjemaet)
- 28 % på årsstudiet i nordisk (30 % i skjemaet)
- 23 % på anna BA-program (8 % ved HF, 2 % ved SV) eller anna
- Ingen på anna lektorprogram, korkje i FS eller i skjemaet.

Når ein ser bort frå lektorprogrammet i nordisk, er det altså i hovudsak studentar som tek eitt eller to semester med nordisk som del av anna enn BA i nordisk. Av dei svara vi fekk inn, ser det altså ut til at få utanom lektorprogrammet i nordisk er aktuelle for 200- og 300-nivået, dsv. berre 10 % på BA i nordisk. Rekrutteringa vidare er mest aktuell for lektorprogrammet, men der er fråfallet stort, slik det er påvist i andre samanhengar.

Den emneansvarlege sin kommentar til student-evalueringan(e)

Metode – gjennomføring: (Her kjem oppsummering frå studentevalueringa.)

Svar på fleirvalsspørsmål viste at studentane i stor grad var nøgde med emnet fagleg (73 % + 23 % både og). Det er jamt over positive kommentarar, og berre éin har negativ kommentar («uoversiktlig og uhåndeterlig»).

Mange skriv som svar i kommentarfelt sist i undersøkinga at dei har positive erfaringar frå kurset. Dei skriv om glede, entusiasme, tålmod og oppfølging. Nokre nemner òg at det ikkje alltid var like straumlinjeforma.

Informasjonen undervegs er dei òg stort sett nøgde med (87 % + 13 % både og). To studentar peikar på dårleg informasjon om digital eksamen i førevegen (fordelt på ulike spørsmål).

Om deltaking i undervisning, svarte 73 % at dei deltok «Mer enn 65 % (mer enn 2/3)» på førelesingar, og 37 % at dei deltok i same omfang på øvingstimane. Tala kan passe med inntrykket frå timane, der det var rundt 60–70 kvar gong på førelesingane og 40–50 på øvingstimane.

For læringsutbytte i førelesingane var det «godt» for 2/3 (63 %) og «noe» for 1/3 (33 %). Det var positive kommentarar om roleg tempo, repetisjon, at førelesingsnotat blei lagde ut, og at spørsmål fekk skikkelege svar. Nokre meinte motsett at det var gonger det var for mykje stoff og uoversiktleg.

For øvingstimane var det overvekt av «noe» utbytte for ca. halvparten (46 %), 1/3 (36 %) «godt», og 1/5 med «lite» (18 %), altså svakare enn for førelesingane. Fleire kommenterte at det var for mange oppgåver, og at alt ikkje blei gjennomgått i oppsummeringane. Elles peikte fleire på at mykje fungerte fint fagleg. Motsett pekte éin på at det var mykje uro med snakking i salen blant folk som ikkje følgde med under oppsummeringane.

63 % svarte at dei hadde delteke på studentorganiserte kollokvium. Dei få kommentarene som kom, er positive til læringa der. Eit par sat pris på at gruppene kunne kommunisere med ein lærar når dei stod fast.

For pensumlitteraturen var det 80 % «stort» utbytte og 20 % «verken eller». Litt færre meinte pensumet passa til omfanget på kurset, 70 % «i stor grad», 30 % «noe» og 10 % «lite eller ikke». To skriv at det var for mange detaljar å halde orden på i svensk og dansk, og to andre skriv det same om boka *Språkets mønstre*.

For dei obligatoriske oppgåvene var dei fleste nøgde med temaa (87 %), og like mange meinte omfanget var «passe» (87 %). Nokre få (12 %) svarte at dei var «For korte». For utbytte var det svakare, der fleire svarte «noe» utbytte enn «stort» utbytte (57 og 40 %). Grunnen veit vi ikkje, men det kan vere det vesle omfanget, slik det kom fram i nokre svar og som òg kom fram munnleg i semesteret. Eit fåtal kommenterer at dei kunne ønskje fleire oppgåver gjennom semesteret. To skriv om å rette andre sine oppgåver, ein er positiv til læringa medan den andre er negativ til måtte bli markert med fullt namn. De fleste nemner ikkje kommentarrunden.

For eksamensoppgåvene svarte 70 % at dei passa godt til kurset. Kommentaranane spriker i ulike retningar.

For digital eksamen svarte 90 % at det fungerte godt. To av seks kommenterer at dei fekk dårleg informasjon på førehand. To skriv om dårlege erfaringar med det tekniske, medan mange av dei andre skriv om positive erfaringar.

Oppsummering av innspill: (Her kjem oppsummering frå studentevalueringa.)

Ev. undervegstiltak:

På grammatikkdelen blei etter kvart klart at nokre ikkje meistra mykje av det som føregjekk, som ikkje er ukjent frå tidlegare kurs. Dette kom fram med spørsmål i pausar og på rundane eg gjekk i øvingstimane. For å løyse dette la vi inn fleire ekstratimar i grammatikk. Der tok eg (Ivar) opp analyseseksempel som var lagde ut på Mitt UiB på førehand, ofte òg med løysingar. Ut frå førhandsinformasjonen kunne studentane sjølv vurdere om dei ville komme. På den måten fekk vi samla ganske mange som gjerne ville ha stoffet meir konkretisert og i lågare tempo. Mange følgde dessutan opp ei oppmoding om å sende løysingar og spørsmål på e-post. Desse tiltaka fekk mange positive kommentarar då det føregjekk og i evalueringa.

Den emneansvarlege si samla vurdering, inkl. forslag til forbetringstiltak:

På dette kurset satsa vi nok meir enn normalt på ekstra oppfølging med grammatikk både i øvingstimar, gjennom Mitt UiB og e-post, og med ekstratimar. Dette var mykje utanfor oppsett ramme, og fekk positiv mottaking. Dessutan smitta nok òg engasjementet i språkhistorie og andre tema, slik vi òg kan lese ut av svarskjemaa.

Den ekstra tidsbruken bryt med det som er sett opp som ramme frå UiB si side, og blir ikkje kompensert. Ein kan derfor sjå på dette som eit forsøk som nok sjeldan blir teke oppatt.

Resultatet var truleg alt i alt at mange på den måten fekk ei meir positiv oppleving og ekstra driv for å ta meir fatt i stoffet. Det er vanskeleg å telje slikt. Men når 100 av dei 135 som var registrert 1. februar, møtte til eksamen, så er det eit godt tal.

Det går òg fram av svar omtalt ovanfor og gjennom semesteret at mange ønskjer meir oppgåveskriving. Det er krev òg ressursar som instituttet, og nok fakultetet, ikkje rår over.

For oppgåveskriving i framtida er vi avhengige av å få bruke Kark-systemet eller få eit nytt system som gjer det mogleg å kommentere i oppgåvesvar på en nokolunde effektiv måte. Dette har blitt teke bort med Mitt UiB, og Studieadministrativ avdeling har gjennom eit par semester opplyst at det skal kome eit nytt program som oppfyller behovet.